

Lesekroken

AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

Kvifor Lesekrok i Nygjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselærarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktøy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nygjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nygjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «HISTORIKAR FANN 5000 JENTER» I NYSGJERRIGPER NR. 4-13

Slik forskar ein historikar

Artikkelen «Historikar fann 5000 jenter» handlar om korleis ein historikar har tolka funn ho har gjort, og sett dei saman til ei meiningsfylt historie. Som forskar på fortida må ein jobbe på den måten. Nokre funn er harde *fakta*, som oppteikningar i ei bok, anna er *kvalifisert gjetting*, som at dei norske jentene kanskje var meir valdelege enn andre jenter. Ein historikar må pusle saman desse delane for å få historia til å henge saman. Di meir ein veit om ein periode, di mindre må forskaren fylle på med fantasi i hola. Og denne fantasien er ikkje dikting, han bygger på kunnskap frå andre kjelder og kjennskap til korleis menneske ofte ter seg.

Når elevane skal jobbe med artikkelen, skal dei prøve å skilje fakta frå kvalifisert gjetting og såleis få tak i korleis ein historikar jobbar. Når ein skal formidle forskinga, må det kome tydeleg fram kva som er funn, og korleis desse er bundne saman. Dette gjeld også om elevane sjølv skal prøve seg som historikarar. Syn først elevane eit døme frå artikkelen:

Fakta	Kvalifisert gjetting
I ei bok stod det at fleire tusen norske jenter jobba som tenestejenter i Amsterdam.	Det var truleg mellom 5000 og 10 000 norske jenter i Amsterdam.

La elevane arbeide vidare gjennom teksten. Skriv ned kva som er fakta eller gjetting, eller marker med *F* for fakta eller *G* for gjetting i teksten. Når elevane har jobba seg gjennom teksten, kan dei diskutere saman to og to om dei er einige i dei konklusjonane Kariin har kome fram til. Kunne det vere andre moglege forklaringar på at så mange norske jenter var i politiavhøyr i Amsterdam på grunn av vald?

Om Nygjerrigper

Nygjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nygjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nygjerrigper vil auke interessa for forsking og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forsking som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærertilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskningsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på nygjerrigper.no





Oppgåver til «Historikar fann 5000 jenter»

1.

Vitseteikning

«Historikar fann 5000 jenter» betyr at ein forskar fann så mange jenter som det bur i ein liten by i Noreg! Korleis kan det vere mogleg at så mange jenter var forsvunne?

Lag ei vitseteikning med overskrifta «Historikar fann 5000 jenter».

3. Detektivlesing

- a)** Kvifor drog jentene frå nett Bergen og Kristiansand til Amsterdam?
 - b)** Kvifor er det eit måleri i artikkelen for å syne korleis byen såg ut, og ikkje eit foto?
 - c)** Kva kan du seie om livet i Amsterdam på 1600-talet ved å sjå på biletet og lese artikkelen?

2. Slik forskar ein historikar

Jobb saman to og to.

- a)** Leit i teksten etter fakta og kvalifiserte gjettingar frå historikaren.
 - b)** Sorter funna som i tabellen under.

Fakta	Kvalifisert gjetting
I ei bok stod det at fleire tusen norske jenter jobba som tenestejenter i Amsterdam.	Det var truleg mellom 5000 og 10 000 norske jenter i Amsterdam.

- c)** Snakk saman om gjettingane til historikaren verkar rimelege.
 - d)** Kan de finne andre forklaringar på fakta som står i artikkelen?

